



# Fedje kommune

## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 09.12.2021  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 20:10

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Ingard Kåre Kahrs	H
Kristin Aase	Ap
Morten Egil Øien	H
Ove Gunnar Nilsen	H
Rune Midtun Borgerød	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Ernst Horgen	H
Frode Hjønnvåg	Frp
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

---

Følgjande møtte frå administrasjonen:  
Bjarte Villanger, Gjermund Hagesæter, Kristin Handeland

---



## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
078/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
079/21	Godkjenning av møtebok
080/21	Referatsaker
081/21	Årsmelding 2020-2021 Mobbeombodet i Vestland
082/21	Strategiplan for Leve heile livet - Fedje kommune
083/21	Fordeling av kulturmidlar 2021
084/21	Møteplan for vår 2022
085/21	Oppdatering av "Fedje og folket" - digital utgåve
086/21	Særutskrift forslag budsjetttramme for kontrollutvalet 2022
087/21	Økonomi-, Finans- og Innkjøpsreglement
088/21	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ byggesak og oppmåling mm) 2022
089/21	Betalingssatsar barnehage 2022
090/21	Gebyr for feiing og tilsyn i 2022
091/21	Gebyr for renovasjon i 2022.
092/21	Gebyr for tømning av slam i 2022
093/21	Gebyr for vatn og kloakk i 2022
094/21	Husleiger i kommunale bustader i 2022
095/21	Justering av sats for omsorgstønad 2022
096/21	Justering av satsar for matombringning 2022
097/21	Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelp 2022
098/21	Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2022
099/21	Betalingssatsar i kulturskolen 2021
100/21	Betalingssatsar SFO 2022
101/21	Godkjenning av skatteøre og skattesats etter eigedomsskattelova for 2022
102/21	Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025
103/21	Eventuelt

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	21/504

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
078/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

#### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 078/21

#### K - behandling:

#### K - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	21/504

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
079/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 28.10.2021

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

### Kommunestyret - 079/21

#### K - behandling:

#### K - vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	21/504

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
080/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Referatsaker

#### Underliggjande saker:

080/21.1. Fedje kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 10. november

080/21.2. Fedje kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 22.09.2021

#### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Kommunestyret - 080/21

#### K - behandling:

Kontrollutvalet leiar Rune Borgerød (Ap) orienterte om kontrollutvalet sitt arbeid.

#### K - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Mona Vabø		21/538

Saksnr	Utval	Type	Dato
081/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Årsmelding 2020-2021 Mobbeombodet i Vestland

Vedlegg:  
Årsmelding 2020-2021

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Alle barn og elevar skal ha trygge og gode psykososiale miljø. Barnehagen og skulen skal ha nulltoleranse for krenkingar som til dømes mobbing, trakassering og diskriminering, og dei har ei aktivitetsplikt når eit barn ikkje har eit trygt og godt leik- og læringsmiljø.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2020-2021. Den er skriva med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort. Dei ber om at årsmeldinga også blir handsama og følgt opp politisk i kommunestyret.

For Fedje skule syner resultatane frå elevundersøkinga som vart gjennomført i oktober 2021, og dei sakene vi har handsama som gjeld elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, at vi og kan bli betre. Tala syner at trivselen på skulen er gått noko ned, men at tal elevar som opplever at dei vert mobba er stabilt låge. Det er få elevar som melder at dei er med på å mobbe andre. At trivselen er noko lågare dette skuleåret kan ha fleire årsaksforklaringar. Vi veit at pandemien har gjort born og unge meir uroa, og dette er noko skulehelsetenesta og skulen har sett og erfart.

Dei to siste skuleåra har skulen motteke fem varsel om elevar som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Varsla er kome frå elevar, lærarar og føresette. Alle sakene vart undersøkt, og i

to av tilfella vart det vurdert at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje var oppfylt. Det vart i desse sakane oppretta ein handlingsplan, utarbeid av leiinga ved skulen i samarbeid med elev, føresette og kontaktlærar.

Tiltaka som vert sett inn er både på system-, gruppe- og individnivå. Dette skuleåret har vi ein sosiallærar i 10% stilling for å jobbe med det psykososiale miljøet i elevgruppa. Stillinga er finansiert gjennom tilskot frå BUFDIR. I tillegg er det sett inn fleire timar med fagarbeidar som styrking av klassemiljøet i nokre elevgrupper. Det er og gjennomført kurs i AART (Adapted Aggression Replacement Training) i ei av elevgruppene våre. Tiltaka på gruppe- og individnivå er utarbeidd i samarbeid med eleven og heimen, og er tilpassa dei måla som vert sett for handlingsplanen.

### **Konklusjon**

Kommunestyret tek årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til vitande.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til vitande.

### **Kommunestyret - 081/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til vitande.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-090, FA-G00	19/22

Saksnr	Utval	Type	Dato
115/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
082/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Strategiplan for Leve heile livet - Fedje kommune

Vedlegg:

Strategiplan for Leve hele livet Fedje kommune

#### Saksutgreiing:

##### Saksopplysningar

Dei siste årane har alle norske kommunar jobba med å implementera kvalitetsreforma Leve heile livet. Reforma ønskjer å forankra betre livskvalitet til dei eldre livet ut. Regjeringa ser at kommunane jobbar ulikt med reforma og krevjar at kommunane har ein strategi som er politisk forankra innan 2022.

Sjølv om talane på Fedje ikkje endrar seg dramatisk, så er dei eldre i kommunen ein stor gruppe som vil ha variierende behov for tenesta, særleg tenesta som vert utført heima hos dem. For å kunn eetterkomme behovet, må me ha gode tenester og nok personal med rett kompetanse. I ein økonomisk vanskeleg tid er det derfor ekstra viktig å si noko om prioriteringar innan feltet. Strategiplanen skal si noko pm desse prioriteringar i Fedje kommune.

#### Vurdering

Folkehelse

Strategiplanen vil ivareta tenkt aldersgruppe på ein god måte.

Miljø

Ingen konsekvensar.

Økonomi

Det er ukjent om strategiplanen vil ha store konsekvensar for økonomi. Men planen leggjar hovudsakeleg opp til endringar av organisering og i mindre grad til store utgifter.

#### Konklusjon

Med trange økonomiske margin og ein stabil høg tal av personar over 80 år vil det verte viktig å ha klare prioriteringar som pekar veg i tenesteutvikling, men óg ved diskusjon om kva type kompetanse

me må ha i kommunen.

**Forslag til vedtak:**

Strategiplan vert vedtatt i sin form og skal leggjast til grunn for utvikling av tenesta.

**Formannskapet - 115/21**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Strategiplan vert vedtatt i sin form og skal leggjast til grunn for utvikling av tenesta.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 082/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Strategiplan vert vedtatt i sin form og skal leggjast til grunn for utvikling av tenesta.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter	FE-040, FA-C00	21/421

Saksnr	Utval	Type	Dato
117/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
083/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Fordeling av kulturmidlar 2021

Vedlegg:

Tildelingsreglement kulturmidlar

**Saksutgreiing:**

**Saksutgreiing:**

### Bakgrunn

Fedje kommune har kr.110 000,- i kulturmidlar som vert delt ut årleg. Lag og organisasjonar

med aktivitet på Fedje kan søkje om tilskot frå desse midlane. I år har Fedje kommune motteke 13 søknader innan fristen, og det har vore søkt om kulturmidlar for til saman 241 500 kr.

Lag eller organisasjon	Sum	Formål
Fedje Servering A/S	40 000	Innkjøp av projektor, lerret og lydanlegg for visning av diverse idrett, innkjøp av dart, shuffelboard
Stormark Grendahus	25 000	Drift, varmpumpe
Vesttun Bygdelag	20 000	Drift, nye bord
Fedje Indremisjon	10 000	Drift, oppussing
Fedje Musikkorps	50 000	Vedlikehald av instrumentar og dirigentutgifter
Fedje Idrettslag	30 000	Utstyr til e-sport og frisbeegolf
Between	5000	Drift og utstyr
Fedje Dungeons and Dragons	3500	Bøker til bruk i spel
Fedje Rockeklubb	18 000	Innkjøp av nye høgtalare
Feiekostane	15 000	Dirigentkostnadar
Koral	10 000	Digitalisering notar, arrangement
Fedje teaterlag	10 000	Instruktør i samband med revy
Nordhordland Veteranbåtlag	5000	Reperasjon av «DS Oster»

Fordelinga av kulturmidler er teke på bakgrunn av tildelegeringsreglement vedteke i Fedje

kommunestyre 03.09.03

- Sak 047/03 (vedlagt).

## Vurdering

I § 1 i tildelingsreglementet heiter det: *Kulturmidlar kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar som har sitt virke i Fedje kommune, og som driv ein jamn og fast aktivitet (...) Det er då eit*

*krav at organisasjonen oppgir kor mange medlemmer som finst på Fedje.*

**Fedje Servering A/S** har søkt om 40 000 til innkjøp av projektor, lerret og lydanlegg for visning av diverse idrett, innkjøp av dart, shuffelboard. Dei skriv at dei ønskjer midlar til utstyr for at fab. 8 skal verta ein kulturell samlingstad på Fedje. Sidan Fedje Servering A/S ikkje er eit frivillig lag eller organisasjon og av den grunn ikkje har medlemstal, vert det vanskelig for rådmann å dele ut kulturmidlar til Fedje Servering A/S. Rådmann avslår dermed søknaden til Fedje Serving A/S og legg til grunn tildelingsreglementet.

**Nordhordland Veteranbåtlag** har søkt 5000 kroner i tilskot til å reparere «DS Oster». Det vert ikkje nemnd i søknaden om Nordhordland Veteranbåtlag har medlemmar på Fedje og rådmann avslår dermed søknaden til Nordhordland Veteranbåtlag og legg til grunn tildelingsreglementet.

I følge § 11 i tildelingsreglementet skal: *tilskot frå kulturmidlane skal ikkje gå til lag/ organisasjonar som berre driv og/ eller leiger ut bygg.*

**Stormark grendahus** har søkt om 25 000 til ny varmepumpe. Stormark grendahus har få eige arrangement og driv i stor grad med utleige og drifting av bygg. Rådmannen føreslår å dele ut 2500 til Stormark grendahus og legg til grunn § 11 i tildelingsreglementet.

**Vesttun bygdelaag** har søkt om 20 000 til nye bord. Bygdelaaget har få eige arrangement og driv i stor grad med utleige og drifting av bygg. Rådmannen føreslår å dele ut 2500 til Vesttun bygdelaag, me legg til grunn § 11 i tildelingsreglementet.

**Fedje indremisjon** har søkt om 10 000 til oppussing og drift av bedehuset. Ungdomsklubben

Between, som er tilknytt Nordhordland Indremisjon, har søkt eiga tilskot.

Rådmannen føreslår å dele ut 2500 til Fedje indremisjon, og legg til grunn § 11 i tildelingsreglementet.

§ 10 i tildelingsreglement lyder: *Lag/ organisasjonar som driv aktivitetar for, eventuelt med, bom og ungdom vil verta prioritert.*

**Fedje idrettslag** oppgjer dei har 142 medlemmar der 81 medlemmar under 18 år ( 55 medlemmar under 12 år og 26 medlemmar mellom 12 og 18 år). og har søkt om å få 30 000 kr i tilskot til utstyr til e-sport og frisbee-golf.

I tildelingsreglementet § 6 heiter det: *Lag og organisasjonar som bryt med intensjonen med bruken av dei tildelte midlane, kan vert nulla ved neste års tildeling (...).*

Den 28/10, kl 1235, vart følgjande mail sendt Fedje Idrettslag:

«Hei.

*I fjor (formannskapsmøte 13.10.2020, sak 081/20) vart Fedje idrettslag tildelt 27 000 kroner i kulturmidler, det vart lagt til grunn at midlane skulle nyttast til å oppgradere skuret på fotballbana.*

*Me har no motteke ny søknad frå dykk og lurar på om midlane frå i fjor vart nytta til det som var avtalt?*

*I tildelingsreglementet § 6 heiter det: Lag og organisasjonar som bryt med intensjonen med bruken av dei tildelte midlane, kan vert nulla ved neste års tildeling (...).*

*Ber om snarleg tilbakemelding seinast innan ei veke.*

*Dersom spørsmål kan underteikna kontaktast.»*

Rådmannen har enno ikkje motatt noko svar frå Fedje Idrettslag og har derfor ikkje noko grunnlag for å vurdere eventuelle planar for oppgradering av skuret.

Rådmannen har i utgangspunktet ikkje noko ønskje om at Fedje idrettslag skal verta nulla ut, men at midlane vert brukt til det som var intensjonen. I fjor fekk idrettslaget 27 000 i midlar som skulle nyttast til å oppgradere skuret på fotballbana og rådmannen har ikkje noko fått noko informasjon som tyder på at dette er gjort. Fedje idrettslag er ein stor og viktig instutisjon, (rett nok oppgjer dei fleire medlemmar enn det er born på Fedje, men det er mogleg dei teljer born som er med på fleire aktivitetar fleire gonger.) På bakgrunn av dette foreslår rådmannen at det vert sett av kr 30 000,- til

Fedje idrettslag, men at pengene ikkje vert betalt ut før det vert gjeve ei tilfredstillande grunngjeving om framdrift for oppussing av skur som dei har fått midlar til tidligare. Dersom ikkje slik grunngjeving vert gjeve vert midlane ikkje utbetalt. Rådmannen foreslår at det er ordførar som vurderer om kravet er oppfylt.

**Fedje musikkorps** har søkt om 50 000 kr, til vedlikehald av instrumentar, arrangement og dirigentutgiftar. Fedje musikkorps har 13 medlemmar under 18 år ei viktig instutisjon i Fedje kommune. Men på grunn av begrensa midlar å dele ut, er det ikkje høve til å kome musikkorpset i møte med den summen dei søker om. Rådmannen foreslår at Fedje musikkorps får tildelt 25 000 kr.

**Ungdomsklubben Between** som er tilknytta Nordhordland indremisjon har søkt eit tilskot på 5000 kr til drift og utstyr, rådmannen foreslår at denne summen vært tildelt.

**Fedje Dungeons and Dragons Klubb** søker 3500 i midlar til meir utstyr (bøker). Det er positivt og i tråd med tildelingsreglement å støtte ulike typer tilbod retta mot barn og unge. Rådmannen foreslår difor at Fedje Dungeons and Dragons klubb får 3500 i tilskot, same sum dei har søkt om.

I tillegg har ei del aktørar med flest vaksne medlemmer søkt kulturmidlar.

**Fedje teaterlag** har søkt om 10 000 til instruktør. Fedje teaterlag har årleg revy til glede for mange, både vaksne og barn. Rådmannen foreslår at teaterlaget får 8000 kr i tilskot, noko mindre enn kva dei søker om grunna begrensa midlar å dele ut.

**Fedje Rockeklubb** søker om 18 000 kr til nye høgtalare. Rockeklubben peikar at dei ofte har ansvar for lyd når det er arrangement i Fedje kommune, som kjem mange innbyggjare til nytte, både vaksne og barn. Dette er ein viktig jobb. Grunna begrensa midlar å dele ut foreslår rådmannen eit tilskot på 10 000 kr.

Koret **Fedjekostane** søker om 15 000 kr i tilskot til dirigent. Dette er eit kor som engasjerer og gleder mange, både vaksne og barn, med t.d. konsertar og arrangement. Rådmannen foreslår at Fedjekostane får 11 000 i tilskot til dirigent.

Koret **Koral** har søkt om 10 000 kr til ulike aktivitetar inkludert digitalisering av notar. Dette er eit kor som er til glede for mange innbyggjare, både vaksne og barn, med t.d. konsertar. Rådmannen føreslår å dele ut 8000 til Koral i tilskot til tiltaka dei nemner.

Folkehelse: Fleire av laga og organisasjonane har aktivitet som er relevant for folkehelsa. Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: I tråd med § 5 i tildelingsreglement har alle laga og organisasjonar som vert tilråda innvilga kulturmidlar levert reknskap frå føregåande år.

### Konklusjon

Dei fleste får mindre enn dei har søkt om, grunna begrensa midlar til rådvelde. Bygdelaga og Fedje indremisjon får i tråd med § 11 vesentleg mindre enn dei har søkt om. Lag og organisasjonar med høg og jamn grad av aktivitet for og med barn og unge vert prioritert, jamfør § 10 i tildelingsreglementet. Fedje Servering A/S og Nordhordland Veteranbåtlag får avslag på sin søknad sidan dei ikkje oppfyller krav i tildelingsreglementet. Fedje Idrettslag si tildeling vert gjeve med forbehold.

Innstilling til vedtak vert då som følgjer:

Lag eller organisasjon	Sum	Formål
Fedje Servering A/S	avslag	Innkjøp av projektor, lerret og lydanlegg for visning av diverse idrett, innkjøp av dart, shuffelboard
Stormark Grendahus	2500	Drift, varmpumpe
Vesttun Bygdelag	2500	Drift, nye bord
Fedje Indremisjon	2500	Drift, oppussing
Fedje Musikkorps	26000	Vedlikehald av instrumentar og dirigentutgifter
Fedje Idrettslag	30 000	Utstyr til e-sport og frisbeegolf
Between	5000	Drift og utstyr
Fedje Dungeons and Dragons	3500	Bøker til bruk i spel
Fedje Rockeklubb	9 000	Innkjøp av nye høgtalare
Feiekostane	11 000	Dirigentkostnadar
Koral	9 000	Digitalisering notar, arrangement
Fedje teaterlag	9 000	Instruktør i samband med revy
Nordhordland Veteranbåtlag	avslag	Reperasjon av «DS Oster»

**Forslag til vedtak:**

Kulturmidlane vert fordelt i tråd med saksutgreiinga.

Utbetaling av kr 30 000,- til Fedje idrettslag vil berre skje dersom det vert gjeve ei tilfredstillande grunngjeving innan 1/7-22 på at tidlegare års utbetaling er nytta eller vil bli nytta slik forutsetningane var. Grunngjevinga vert gjeve til ordførar som som vurderer om utbetaling kan finna stad.

**Formannskapet - 117/21****F - behandling:****F - vedtak:**

Kulturmidlane vert fordelt i tråd med saksutgreiinga.

Utbetaling av kr 30 000,- til Fedje idrettslag vil berre skje dersom det vert gjeve ei tilfredstillande grunngjeving innan 1/7-22 på at tidlegare års utbetaling er nytta eller vil bli nytta slik forutsetningane var. Grunngjevinga vert gjeve til ordførar som som vurderer om utbetaling kan finna stad.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 083/21****K - behandling:****K - vedtak:**

Saka er ferdig handsama i formannskapet. Saka var ikkje til handsaming i kommunestyret.



## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Dagrun Gunnarson	FE-033	19/551

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
118/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
084/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Møteplan for vår 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Kommunestyret vedtek møteplan kvart halvår. Ordførar lagar framlegg til møteplan.

#### Vurdering

Føresetnader for framlegget til møteplan våren 2021

Formannskapsmøte er tysdager kl.17.15, kommunestyremøte er torsdager kl.17.15

Her skal det vere tatt høgde for skuleruta.

#### Forslag til vedtak:

Møteplan vår 2021: Alle møter startar 17.15, tirsdager for formannskapet og torsdager for kommunestyret. Det kan komme ekstrainnkalling ved behov.

Formannskap: 15. februar, 26. april, 7.juni

Kommunestyret: 24. februar, 5.mai, 16.juni

### Formannskapet - 118/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Møteplan vår 2022: Alle møter startar 17.15, tirsdager for formannskapet og torsdager for kommunestyret. Det kan komme ekstrainnkalling ved behov.

Formannskap: 15. februar, 26. april, 7.juni

Kommunestyret: 24. februar, 5.mai, 16.juni

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 084/21**

### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Møteplan vår 2022: Alle møter startar 17.15, tirsdager for formannskapet og torsdager for kommunestyret. Det kan komme ekstrainnkalling ved behov.

Formannskap: 15. februar, 26. april, 7.juni

Kommunestyret: 24. februar, 5.mai, 16.juni

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-027, FA-C86	21/456

Saksnr	Utval	Type	Dato
113/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
085/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Oppdatering av "Fedje og folket" - digital utgåve

Vedlegg:  
FedjeogFolket

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Arvid Skogseth, som skreiv bygdeboka «Fedje og folket» i 1997, har tatt kontakt med ordførar og rådmann om å lage ei oppdatering av bygdeboka digitalt. Dei hadde eit møte 01.10.21, og Skogseth har sendt inn ei skisse på korleis han ser for seg at arbeidet kan skje (sjå vedlegg).

Han skisserer tre nødvendige prosessar for oppdatering:

- 1) Skogseth samlar inn og skriv nødvendige oppdateringar.
- 2) Bileta frå Fedje og folket – og evt. nye bilete – vert lasta inn på nytt i digital fil
- 3) Oppdateringa vert publisert på Lokalhistoriewiki.

#### Vurdering

«Fedje og folket» er ei flittig brukt og viktig bok for Fedjesamfunnet, og mange ville ha stor glede av ei oppdatering.

Det er nokre problemstillingar ein bør ta stilling til:

Ressursar: Det er ikkje sett av midlar eller tidsressurs til dette arbeidet i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2022. Om me skal følgje skissa til Skogseth, må kommunestyret sette av 100 000 kr i fastlønn på t.d. ansvar 1100, teneste 3850 (andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg), + arbeidsgjevaravgift og forsikring (+ ca 10%). Han skriv at pensjonsinnbetaling ikkje er nødvendig, sidan han kan gjere det for pensjonistlønn. Han kan i så fall verte tilsett i ei mellombels tilsetjing etter aml § 14-9 (2) a) (når arbeidet er av midlertidig karakter) eller f) (for en periode inntil

*tolv månader) utan utlysning.*

Om det er behov for mykje arbeid med bilete og liknande, er det ikkje rom og tid for det med noverande kulturressursar. Det må difor anten ligge til Skogseth sitt arbeid, eller krev ekstra ressursar.

Eigarskap: Om Skogseth er tilsett i Fedje kommune medan han gjer oppdateringa, sikrar me at Fedje kommune eig resultatet. Eigarskap rundt bilet materialet er ikkje like klart, og det er ikkje klart om me er nøydde til å gjere meir arbeid for å få lov til å publisere bileta på nett. Her kan det kome til ekstra arbeid og kostnad.

Økonomi/inndekning: Rådmannen ser ikkje andre moglegheiter enn å svekke overskotet på kommunebudsjettet for 2022. Dette overskotet er pengar som vert nytta til kommunale investeringar i bygg og utstyr. Rådmannen gjer merksam på at overskotet allereie i rådmannen sitt framlegg til vedtak er svakare enn KS si anbefaling.

Alternative framgangsmåtar: Det finst andre måtar å gjere dette på enn å tilsette mellombels. Til dømes kan me å kjøpe tenesta som ei ferdig pakke, der me ber om tilbod i ein offentleg konkurranse. Men det er ingen andre som har teke initiativ til noko slikt, og det er ingen andre som sitt på den kunnskapen som Skogseth sitt på. Det vil truleg og krevje noko juridisk arbeid for å sikre eigarrettar.

### **Konklusjon**

Som alle gode tiltak, vert dette ei vurdering av kva ein vil nytte midlar på og kor ein evt. kan hente midlane. Det er ikkje tvil om at ei oppdatering av bygdeboka vil vere populært på Fedje, samstundes som pengane må hentast frå eit anna formål.

Om kommunestyret ønskjer å gjennomføre dette, kan vedtakstekst t.d. vere:

*Overskotet på driftsbudsjettet for 2022 vert svekka med kr 110 000, som vert sett inn på ansvar 1100, teneste 3850 for oppdatering av bygdeboka «Fedje og folket», i tråd med skissa som er sendt inn av Arvid Skogseth.*

**Forslag til vedtak:**

Ingen framlegg til vedtak.

**Formannskapet - 113/21****F - behandling:**

Vedtaksframlegg, foreslått av Stian Herøy, Høgre

*Overskotet på driftsbudsjettet for 2022 vert svekka med kr 110 000, som vert sett inn på ansvar 1100, teneste 3850 for oppdatering av bygdeboka «Fedje og folket», i tråd med skissa som er sendt inn av Arvid Skogseth.*

**F - vedtak:**

Overskotet på driftsbudsjettet for 2022 vert svekka med kr 110 000, som vert sett inn på ansvar 1100, teneste 3850 for oppdatering av bygdeboka «Fedje og folket», i tråd med skissa som er sendt inn av Arvid Skogseth.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 085/21****K - behandling:**

Tilleggsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Kommunestyret bed samstundes rådmannen om å søke tilskotsmidlar hjå Kulturrådet eller liknande for å delfinansiera dette prosjektet.

**K - vedtak:**

Overskotet på driftsbudsjettet for 2022 vert svekka med kr 110 000, som vert sett inn på ansvar 1100, teneste 3850 for oppdatering av bygdeboka «Fedje og folket», i tråd med skissa som er sendt inn av Arvid Skogseth.

Kommunestyret bed samstundes rådmannen om å søke tilskotsmidlar hjå Kulturrådet eller liknande for å delfinansiera dette prosjektet.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/309

Saksnr	Utval	Type	Dato
111/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
086/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Særutskrift forslag budsjettramme for kontrollutvalet 2022

Vedlegg:

Fedje kontrollutval - forslag til budsjettramme for kontrollarbeidet 2022

#### Saksutgreiing:

##### Saksopplysningar

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2022 på kr. 695 000.

#### Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

#### Konklusjon

#### Forslag til vedtak:

Fedje kommune tar med seg framlegget frå Fedje kontrollutval vidare i budsjettprosessen.

#### Formannskapet - 111/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Fedje kommune tar med seg framlegget frå Fedje kontrollutval vidare i budsjettprosessen.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 086/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Fedje kommune tar med seg framlegget frå Fedje kontrollutval vidare i budsjettprosessen.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter		21/517

Saksnr	Utval	Type	Dato
116/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
087/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Økonomi-, Finans- og Innkjøpsreglement

Vedlegg:

økonomireglement-for-Fedje-kommune-2021  
Innkjøpsstrategi og Innkjøpsreglement Fedje1121  
Finansreglement pr 10.11.21  
Oppdatert finansreglement i Fedje kommune  
Finansreglement pr. 10.11.21

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

I kommuneloven § 14-2 er følgjande slått fast:

*«Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta*

*d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*

*e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).»*

Det er fleire år sidan ei sak om dette har vore lagt fram for politisk leiing i Fedje kommune. Derfor er det på høg tid at denne saka vert lagt fram og handsama.

I tillegg til Økonomireglement og Finansreglement er det også utarbeid eit Innkjøpsreglement.

Det er i saka lagt opp til at alle desse desse reglementa vert rulert minst kvart 4. år. Dette for å sikra at reglementa vert gjennomgått og oppdatert med jevne mellomrom.

#### Vurdering

Det er alltid ei vurdering kor omfattande og detaljrike slike reglement bør vera. Administrasjonen har



hatt ein god prosess, som har tatt ei tid, der desse hensyna er vurdert opp mot kvarandre.

Forslaga som blir lagt fram for formannskapet og kommunestyre er gjennomarbeida og forankra i administrasjonen og bør vera eit godt grunnlag for det praktiske arbeid framover.

Folkehelse: Ikkje relevant

Miljø: Ikkje relevant

Økonomi: Gode reglement er avgjerande for å få til ei god økonomistyring.

### **Konklusjon**

Rådmannen foreslår at reglementa vert vedtatt slik dei ligg føre.

### **Forslag til vedtak:**

Fedje kommune vedtar økonomiregulemt, Finansreglement og Innkjøpsreglement slik dei ligg føre i saka.

### **Formannskapet - 116/21**

#### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Fedje kommune vedtar økonomiregulemt, finansreglement og innkjøpsreglement slik dei ligg føre i saka.

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 087/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Fedje kommune vedtar økonomiregulemt, Finansreglement og Innkjøpsreglement slik dei ligg føre i saka.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/520

Saksnr	Utval	Type	Dato
120/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
088/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ byggesak og oppmåling mm) 2022

Vedlegg:

Gebyrregulativ 2020

Gebyrregulativ 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Regulativet for byggesak og oppmåling vart ikkje endra frå 2018 til 2019. I 2020 auka gebyra med 8%. Ingen auke for 2021.

Framlegg om 10% auke i gebyra etter plan- og bygningslova for 2022. Ikkje auke i gebyr etter matrikkellova og forureiningslova. Berre dei mest brukte gebyra er auka.

#### Forslag til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune –2022, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

### Formannskapet - 120/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune –2022, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

Samrøystes vedteke.

### Kommunestyret - 088/21

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune –2022, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Stine Waage		21/515

Saksnr	Utval	Type	Dato
110/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
089/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Betalingssatsar barnehage 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Fedje barnehage har gratis barnehageplass frå 01.08.20.

Brukarane betalar matpengar og barnehagen serverar frokost, lunsj og frukt.

Matpengar vert justert i samsvar med prisauke på 2,5%.

#### Vurdering

Matpengar skal dekke dei faktiske utgiftene barnehagen har til måltida. Matpengane vert derfor justert i samsvar med prisauke.

#### Konklusjon

For Fedje barnehage vert matpengar, med verknad frå 01.01.22, slik:

Tilbod	Kostpengar
100%	336,- (frå 328,-)
80%	289,- (frå 282,-)
60%	265,- (frå 259,-)
40%	230,- (frå 224)

**Forslag til vedtak:**

For Fedje barnehage vert matpengane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen, med verknad frå 01.01.22, slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.

**Formannskapet - 110/21****F - behandling:**

Nytt framlegg til vedtak frå Arbeiderpartiet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
For Fedje barnehage vert betalingsattsane for dei ulike opphaldtidene i barnehagen frå 01.01.2021 slik:

Tilbod	Ant. dagar	Ant. timar	Opphald	Mat	Totalt
100 %	5	50 t/veka	2500,-	336,-	2836,-
80 %	4	40 t/veka	2000,-	289,-	2289,-
60 %	3	30 t/veka	1500,-	265,-	1765,-
40 %	2	20 t/veka	1000,-	230,-	1230,-

\*Det er 30 % søskenmoderasjon for to barn.

\*Det vert gitt 30 % moderasjon for einslege forsørgjarar.

\*Gebyr for sein henting vert 100,- jmf. vedtektene i Fedje barnehage.

\*Kjøp av ekstra dag 400,-.

Vedtaksframlegga vart sett opp mot kvarandre. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 3 mot 1 røyst. Einar Villanger (Ap) røysta for framlegget frå Kamilla Karlsen (Ap).

**F - vedtak:**

For Fedje barnehage vert matpengane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen, med verknad frå 01.01.22, slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.

Vedteke med 3 mot 1 røyst. Einar Villanger (Ap) røysta for alternativt framlegg frå Arbeiderpartiet.

**Kommunestyret - 089/21****K - behandling:**

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

For Fedje barnehage vert betalingsattsane for barnehagen frå 01.01.2021 slik:

Tilbod	Ant. dagar	Ant. timar	Opphald
100 %	5	50 t/veka	2000,-
80 %	4	40 t/veka	1600,-
60 %	3	30 t/veka	1200,-
40 %	2	20 t/veka	800,-

\*Det er 30 % søskenmoderasjon for to barn.

\*Det vert gitt 30 % moderasjon for einslege forsørgjarar.

\*Gebyr for sein henting vert 100,- jmf. vedtektene i Fedje barnehage.

\*Kjøp av ekstra dag 400,-.

Av dei kring 200 000 kr. vert det dekka brukarbetaling av mat for brukarane og dei tilsette i barnehagen på kr. 60 000.

For Fedje barnehage vert satsane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen med verknad frå 01.01.2022 slik det får fram av tabellen i over.

### **K - vedtak:**

For Fedje barnehage vert matpengane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen, med verknad frå 01.01.22, slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.

Vedteke med 9 mot 6 røyster.

Kamilla B Karlsen (Ap) Hans Erik Waage (Ap) Einar Villanger (Ap) Anna Marit Storemark (Ap) Kristin Aase (Ap) røysta for Ap sitt forslag.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/509

Saksnr	Utval	Type	Dato
103/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
090/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### **Gebyr for feiing og tilsyn i 2022**

#### **Saksutgreiing:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2021 er 229,- kr eks. mva. Det er ikkje grunnlag for auke i gebyret. Gebyret vert betalt kvart år.

#### **Forslag til vedtak:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2022 vert 229,- kr eks. mva

### **Formannskapet - 103/21**

#### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2022 vert 229,- kr eks. mva

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 090/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2022 vert 229,- kr eks. mva

Samrøystes vedteke.





## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/510

Saksnr	Utval	Type	Dato
101/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
091/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Gebyr for renovasjon i 2022.

#### Saksutgreiing:

Renovasjonsgebyr	2022		2021	Endring
	eks. mva	Inkl. mva	Inkl. mva	Inkl. mva
Ordinær renovasjon	4.040,-	<b>5.050,-</b>	4.547,50	502,50
Tillegg for stor restavfallsdunk	320,-	400,-	400,-	-
Rabatt for retsavfall kvar 4. veke	320,-	- 400,-	- 400,-	-
Rabatt heimekompostering	400,-	- 500,-	- 500,-	-
Hytterenovasjon	2.020,-	2.525,-	2.274,-	251,-

Auken i gebyret frå 2021 til 2022, er på 11,1 %. Gebyret var det same i 2019, 2020 og 2021.

#### Forslag til vedtak:

Gebyr for renovasjon i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.

#### Formannskapet - 101/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Gebyr for renovasjon i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 091/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Gebyr for renovasjon i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/506

Saksnr	Utval	Type	Dato
104/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
092/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Gebyr for tømning av slam i 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Årsgebyret for slamtømming aukar for første gong sidan 2016. Auken er på 11 %.

Årsgebyret for slamtømming for bustader i 2021, var 884,- kr eksklusiv mva. Gebyret for hytter, er det halve. Bustader har tømning anna kvart år. Hytter har tømning fjerde kvart år.

#### Forslag til vedtak:

For 2022 vert årsgebyret 980,- kr eksklusiv mva. Gebyret for hytter, er det halve.

### Formannskapet - 104/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

For 2022 vert årsgebyret 980,- kr eksklusiv mva. Gebyret for hytter, er det halve.

Samrøystes vedteke.

### Kommunestyret - 092/21

#### K - behandling:

#### K - vedtak:

For 2022 vert årsgebyret 980,- kr eksklusiv mva. Gebyret for hytter, er det halve.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
102/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
093/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Gebyr for vatn og kloakk i 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Tilknytningsgebyra og åragebyret for kloakk er uendra. Årsgebyret for vatn aukar med 30 %. I 2013 starta ein periode der gebyret ikkje auka. Årsgebyret for vatn i 2022 vert 28% høgare enn det var i 2013. Konsumprisindeksen har i same periode auka med 21 %.

Eingongsgebyr for tilknytning	2021	2022
Vatn	9.261,- kr	9.261,- kr
Kloakk	9.702,- kr	9.702,- kr

Årsgebyr = abonnementsgebyr + forbruksgebyr

Abonnementsgebyr	2021	2022
Vatn	2.218,- kr	2.883,- kr
Kloakk	2.176. kr	2.176,- kr

Forbruksgebyr	Pris pr m3 i 2021	Pris pr m3 i 2022
Vatn	9,83 kr/m3	12,78 kr/m3
Kloakk	9,69 kr/m3	9,69 kr/m3

Forbruksgebyret vert rekna ut etter m3 eller bruksareal ( BRA ). Omrekningsfaktor mellom m3 vassforbruk og m2 BRA er sett til 1.

Forbruksgebyr	Mindre enn 80 m2 BRA, rekna ut etter 60 m2 BRA	Mellom 80 m2 og 300 m2 BRA, rekna ut etter 150 m2 BRA	Over 300 m2 BRA
Vatn 2021	590,- kr	1475,- kr	BRA x 9,83 kr/m3
Kloakk 2021	581,- kr	1453,- kr	BRA x 9,69 kr/m3
Vatn 2022	767,- kr	1917,- kr	BRA x 12,78 kr/m3
Kloakk 2022	581,- kr	1453,- kr	BRA x 9,69 kr/m3

#### Forslag til vedtak:

Gebyr for vatn og kloakk i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga

**Formannskapet - 102/21**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Gebyr for vatn og kloakk i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 093/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Gebyr for vatn og kloakk i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
100/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
094/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Husleiger i kommunale bustader i 2022

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Husleiga vert auka frå 1. juli 2022 i samsvar med konsumprisindeksen. Indekstala for juli 2020 og juli 2021 vert nytta. Dette gjev ein auke på 3,0 % frå 1. juli i 2022.. Auken frå 2020 til 2021 var på 1,34 %.

Ved handsaminga av budsjettet for 2020, auka husleigene med 1,9% + 500 kr. Dene auken var for dei som hadde bustid på meir enn 2,5 år 1. juli 2021. Dei andre fekk ein auke på 1,9%. Dei som 1. juli 2022 har ein butid på meir enn 2,5 år, får høg husleige frå 1. juli 2022.

Nye leigetakarar får høg husleige. Leiga for Mulevegen 6 og Husøyyna 23 er umøblert.

	Husleige januar / juni - låg	Husleige januar / juni - høg	Husleige juli / desember - låg	Husleige juli / desember - høg
Stormarkvegen 7	7704	8067	7935	8309
Stormarkvegen 54 og 56	6915	7293	7122	7512
Stormarkvegen 72	5372	5778	5533	5951
Rognsvågen 2 og 4	5372	5778	5533	5951
Husøyyna 25, 30, 32, 36, 38 og 47	6915	7293	7122	7512
Husøyyna 24 og 26	6044	6438	6225	6631
Husøyyna 51 og 52	5372	5778	5533	5951
Husøyyna 65 A og 65 B	9206	9541	9482	9827
Mulevegen 24 og 26	5782	6182	5955	6367
Mulevegen 6	11271	11568		7512
Husøyyna 23	11271	11568		7512
Mulevegen 3 A	10364	10677	10675	10997
Mulevegen 3 B	10364	10677	10675	10997
Mulevegen 3 C	7773	8135	8006	8379
Mulevegen 3 D H0101	6586	6970	6784	7179
Mulevegen 3 D H0102	7881	8241	8117	8488
Mulevegen 3 D H0103	8853	9195	9119	9471

Rådmannen gjer framlegg om at dersom ein bustad vert leigd ut møblert, får leiga eit tillegg på 30%.

#### Forslag til vedtak:



Husleiger i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga

### **Formannskapet - 100/21**

#### **F - behandling:**

Felles endringsframlegg, foreslått av ,

Husleiger i 2022 vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga, med følgjande endring:

For bustadar som vert leigd ut delvis møblert, får leiga eit tillegg på 10%. For fullt møblert bustad vert tillegget på 25%.

#### **F - vedtak:**

Husleiger i 2022 vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga, med følgjande endring:

For bustadar som vert leigd ut delvis møblert, får leiga eit tillegg på 10%. For fullt møblert bustad vert tillegget på 25%.

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 094/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Husleiger i 2022 vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga, med følgjande endring:

For bustadar som vert leigd ut delvis møblert, får leiga eit tillegg på 10%. For fullt møblert bustad vert tillegget på 25%.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	21/452

Saksnr	Utval	Type	Dato
105/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
095/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021
006/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021

### Justering av sats for omsorgsstønad 2022 Kommunebudsjett 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Omsorgsstønad er lovfesta i Helse-og omsorgsloven § 3-6 tredje ledd. Omsorgsstønad for særleg tyngande omsorgsoppgåver vert tildelt etter bestemte kriterier og skal gjera det mogleg for private omsorgspersonar å oppretthalda omsorgsarbeidet for sine næraste. Omsorgsstønad kan sjåast på som ei form for oppvurdering av det ubetalte omsorgsarbeidet. Private omsorgsytare skal få noko betaling for det omsorgsarbeidet dei gjer. Betalinga dekkar som regel ikkje dei reelle utgiftane eller inntektstap for den som ytar omsorga. Søkjaren har rett på berekning av kva for eit timetal ytinga vert betalt for. Det skal vidare skje ein konkret utmåling ut frå ein timesats som vanlegvis ikkje skal vera under det lønt personell får. Viser i tillegg til dei utarbeidde retningslinjer for omsorgsløn i Fedje kommune (vedtak K-010/04).

#### Vurdering

Timesats for omsorgsstønad låg på kr.166,25 for 2021. Det er vanleg at kommunane set fast timeløna til dei som får omsorgsstønad likt med timeløna til stilling utan særskilt krav om utdanning. Kommunen fastset sjølv kor mange timar dei skal gje omsorgsstønad for. Den som får omsorgsstønad, må betala skatt for det, og kommunen må betala arbeidsgjeveravgift. Justert med normal lønssstigning utgjer dette ei timeløn på kr.171,57 for 2022.

Regjeringa ser på omsorgsstønad som skattepliktig yting og anbefalar at satsane vert justert i takt med utviklinga av grunnbeløpet til folketrygda. Dermed bør maksbeløpet setjast fast til grunnbeløpet til folketrygda på kr.106399 per år. Dette svarer til kr.8867 per måned.

Folkehelse

Omsorgsstønad gir rom for personar med store omsorgsbehov å bu lengre heime såframt dei har ein omsorgsperson dei kan støtte seg på. Dette står i tråd med reforma «Leve heile livet».

Miljø

## Økonomi

Kommunane har etter lova plikt til å ha ei ordning med omsorgsstønning, og det må setjast av tilstrekkeleg midlar til dette formålet. Kommunen kan ikkje avslå ein søknad om omsorgsstønning grunngjeve med at ein ikkje har denne ordninga eller at det ikkje er pengar til rådvelde. Ordninga har hittil ikkje vore nytta i noko omfang i kommunen, men det kan endra seg avhengig av kva tilgang det er på til døme sjukeheimplassar eller heimesjukepleie i høve til etterspurnad. Det er per i dag ikkje budsjettert for denne ordninga.

### **Konklusjon**

Timesats er utrekna med basis i kva som er vanleg praksis og justert med forventa lønsauke. Maksbeløp er tilpassa statlege føringar.

### **Forslag til vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2022 vert timesatsen for omsorgsstønning satt til kr.171,57 og maksbeløpet vert satt til kr.8867 per måned.

### **Eldrerådet - 006/21**

#### **ELD - behandling:**

#### **ELD - vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2022 vert timesatsen for omsorgsstønning satt til kr.171,57 og maksbeløpet vert satt til kr.8867 per måned.

Samrøystes vedteke.

### **Formannskapet - 105/21**

#### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2022 vert timesatsen for omsorgsstønning satt til kr.171,57 og maksbeløpet vert satt til kr.8867 per måned.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 095/21**

### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2022 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.171,57 og maksbeløpet vert satt til kr.8867 per månad.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	21/452

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
106/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
096/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021
007/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021

### **Justering av satsar for matombringning 2022 Kommunebudsjett 2022**

#### **Saksutgreiing:**

#### **Saksopplysningar**

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vert vurdert ut frå søkjaren sine behov for helse-og omsorgstenester etter Lov om helse-og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremålet med tenesta er å gi eldre, funksjonshemma og andre gruppar tilgang til varm og næringsrik mat som eit førebyggjande helsetiltak. Maten vert laga på institusjonskjøkken ved Fedje sjukeheim og direkte tilkøyrd til heimen til brukarane. Ein kan tinga middag alle vekedagar og på heilagdagane, utanom laurdagar.

#### **Vurdering**

Både årleg lønsutvikling og ein auke i konsumindeks påverkar kostnadane for innkjøp av råvarane, matlaging og levering. Pr. i dag kostar eit fullt måltid med dessert inkludert heimkøyring kr.101. Eit halvt måltid med dessert kostar kr.51, eit fullt måltid utan dessert kr.86 og eit halvt måltid utan dessert kr.36.

#### **Folkehelse**

Statistisk sett lever vi lengre og er friskare jo lengre utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial forskjell i helse dannar såleis mønster av ein helsegradient gjennom heile folkesetnaden. Ein auke i satsen for matombringning vil difor belasta låginntekthushald forholdsvis sterkare enn hushald med høgare inntekt. For å påverke helsegradienten og såleis å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte batalingssatsar, slik at låginntekthushald betalar mindre enn hushald med høgare inntekt.

#### **Miljø Økonomi**

Satsen bør justerast i tråd med framtidig prisauke og lønsvekst.

## **Konklusjon**

Satsane bør aukast som følgjande:

Fullt måltid med dessert	frå kr.101	til kr.104
Fullt måltid utan dessert	frå kr.86	til kr.88
Halvt måltid med dessert	frå kr.51	til kr.52
Halvt måltid utan dessert	frå kr.36	til kr.38
Dessert	frå kr.15	til kr.16

## **Forslag til vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2022 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.104
Fullt måltid utan dessert	kr.88
Halvt måltid med dessert	kr.52
Halvt måltid utan dessert	kr.38
Dessert	kr.16

## **Eldrerådet - 007/21**

### **ELD - behandling:**

### **ELD - vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2022 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.104
Fullt måltid utan dessert	kr.88

Halvt måltid med dessert      kr.52

Halvt måltid utan dessert      kr.38

Dessert                              kr.16

Samrøystes vedteke.

### **Formannskapet - 106/21**

#### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2022 som følgjande:

Fullt måltid med dessert      kr.104

Fullt måltid utan dessert      kr.88

Halvt måltid med dessert      kr.52

Halvt måltid utan dessert      kr.38

Dessert                              kr.16

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 096/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2022 som følgjande:

Fullt måltid med dessert      kr.104

Fullt måltid utan dessert      kr.88

Halvt måltid med dessert      kr.52

Halvt måltid utan dessert      kr.38

Dessert                              kr.16

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	21/452

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
107/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
097/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021
009/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021

### Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelp 2022 Kommunebudsjett 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Kommunen kan i tråd med Helse-og omsorgsloven § 3-2 fyrste ledd nr.6 bokstav b krevja betaling for praktisk bistand (óg kalla for heimehjelp). Kommunen sjølv kan setja fast betalingsatsar og reglar for betaling. Forskrift om egenandel for kommunale helse-og omsorgstjenester slår fast at dersom ein husstand sin samla skattbare nettoinntekt før særfradrag er under 2G, så kan samla eigenandel ikkje vera høgare enn 210 NOK/månad. Kommunen skal dessutan minst årleg oppdatere eigenandelsvedtaket ut frå nye opplysningar i likning og ny G, jfr. Forskriften § 8. Kommunen kan ikkje ta høgare betaling enn sjølvkost. Sjølvkost vert berekna til ei gjennomsnittleg timeløn for den tenesta som vert utført, tillagt sosiale utgiftar og administrasjonsutgiftar som skal utgjera 10 prosent av timeløna og sosiale utgiftar. For Fedje kommune er sjølvkost etter desse premissane berekna til 346 NOK/time.

#### Vurdering

Forslag til nye betalingsatsar for praktisk bistand i 2022:

Inntekt	Eksisterande satsar (kr/time)	Forslag nye satsar 2022 (kr/time)	Maks betaling per måned (kr)
Under 2G	105	105	210
2-3 G	149 (933)	153	961
3-4 G	218 (1283)	225	1321
4-5 G	297 (1572)	306	1619
Over 5 G	335 (1867)	346	1923

1G= kr.106399 per 01.05.2021

Folkehelse: Helsa i befolkninga varierar mellom ulike grupper: etter inntekt, utdanning, yrke, kjønn og etnisk og kulturell bakgrunn (helsegradienten). Betaling for praktisk bistand tilpassa til hushald sine samla inntekt vil såleis bidra til ei viss utjamning av helsegradienten, særleg i låginntektshushald.

Miljø

Økonomi

**Konklusjon**

Satsane for praktisk bistand er justert i tråd med nasjonale føringar og ei berekning av sjølvkost for teneste.

**Forslag til vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.

**Eldrerådet - 009/21**

**ELD - behandling:**

**ELD - vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.

**Formannskapet - 107/21**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 097/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	21/452

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
108/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
098/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021
010/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021

### **Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2022 Kommunebudsjett 2022**

#### **Saksutgreiing:**

#### **Saksopplysningar**

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vurderast ut frå behovet til søkjaren for helse-og omsorgstenesta etter lov om helse-og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremål er å gje brukaren tryggleik ved trong for akutt hjelp og for åutsetje institusjonsinnlegging, slik at brukaren kan klara seg betre og lengre i eigen heim.

Kommunane kan krevje eigenandel for velferdsteknologi etter Helse-og omsorgstjenesteloven § 11-2 så sant velferdsteknologi vert brukt førebyggjande og ikkje erstatter ein anna helseteneste. Dersom det vert ytt velferdsteknologiske hjelpemidlar til helsehjelp i heimen, altså erstatning for ein anna helseteneste etter Helse-og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a, har kommunen ikkje tilgang til å krevje eigenandel.

#### **Vurdering**

Kostnadane for drift av velferdsteknologiske løysingar er per i dag på rundt kr.100 000 per år. Desse splitta seg i lisensavgiftar til sjølve teknologien og datateknologien. Hovudutgiftar er budsjettert under telefoni da fakturaene er vanskelege å splitte i telefoni, datateknologi og lisensavgiftar.

#### Folkehelse

Ved hjelp av velferdsteknologiske løysingar kan institusjonsopphald utsetjast eller vert unngått og brukaraen kan klara seg lengre og betre i eigen heim.

#### Miljø

#### Økonomi

For å kunne bruke velferdsteknologiske hjelpemidlar betalar kommunen både etableringskostnadar og månadlege lisensavgiftar. Ved førebyggjande bruk av velferdsteknologien som fell under Helse-og

omsorgstjenesteloven § 11-2 kan kommunen krevja at etableringskostnadar for dei ulike teknologier vert betalt av brukaren sjølv. Alternativet kan vera at brukaren betalar dei månadlege lisensavgiftar. Dermed vert kostnadane fordelt på både brukarar og kommune.

Satsane er ikkje justert frå leverandør sin side ennå, me må difor forhalde oss til satsane til 2021.

Teknologi	Etableringskostnad pr einhet (kr)	Lisensavgift pr månad pr brukar (kr)
Dignio pilly – medisindispenser	3102,36	304,38
GX8 – tryggleiksalarm	2904,69	204,40
Safemate Trigger two – GPS	2207,65	218,79
Safemat Track three - GPS	2629,41	218,79

Gratis velferdsteknologi vil føre til ein større økonomisk belastning for kommunen.

Per i dag er det mellom 15 og 20 brukarar av tryggleiksalarm, men talet kan vera varierende etter behov. Av desse brukarar er det sannsynlegvis berre ein eller to som fell under § 11-2. Hovudparten av brukarane får velferdsteknologiske hjelpemidlar etter § 3-2 og kan dermed ikkje krevjast for eigenandel.

### **Konklusjon**

Økonomisk sett vil det ikkje vera stor gevinst dersom ein krevjar eigenbetaling frå dei brukarar som faller innunder Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2, men bruk av velferdsteknologi kan gje ein stor gevinst for brukarane i form av livskvalitet og sjølvstende.

### **Forslag til vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar for alle brukarar.

### **Eldrerådet - 010/21**

#### **ELD - behandling:**

#### **ELD - vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar for alle brukarar.

Samrøystes vedteke.

### **Formannskapet - 108/21**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidler for alle brukarar.

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 098/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidler for alle brukarar.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-205, FA-A30	21/479

Saksnr	Utval	Type	Dato
112/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
099/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021
016/21	Ungdomsrådet	PS	01.11.2021

### Betalingssatsar i kulturskulen 2021

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Kulturskulen sine satsar var uendra sidan 2006, og vart difor heva med 19% i budsjettet for 2018. I 2021 vart satsane heva med 2,7%.

Mange born nyttar Fedje kulturskule. Hausten 2021 har kulturskulen 10 elevar (17,8% av skuleborna) og ca. 5 på venteliste, samt undervisning/dirigering av korpset.

#### Vurdering

For å hindre at me får eit slik «etterslep» på pris at me må heve prisane mykje på ein gong, er det naturleg at me legg på forventa prisutvikling. Statsbudsjettet reknar med ei forventa lønnsutvikling i kommunane på 3,2%, og det er naturleg å ta utgangspunkt i det, avrunda til nærmaste tiar.

Prisen i 2021 er kr 1360 for ein aktivitet, kr 2040 for to aktivitetar. Me har søskenmoderasjon på 50%.

Med eit påslag på 3,2% og avrunda til næraste tiar, vert prisane 1400 kr for ein aktivitet og 2100 kr for to aktivitetar pr.semester. Det vert sett eigne prisar for kortare gruppekurs i t.d. kunst og teater, avhengig av innleigeutgifter og materialbehov.

#### Konklusjon

Prisane i Fedje kulturskule vert heva med +3,2 % frå 01.01.2022.

#### Forslag til vedtak:

Frå 01.01.2022 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1400 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2100 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

### Ungdomsrådet - 016/21

#### U - behandling:

**U - vedtak:**

Frå 01.01.2022 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1400 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2100 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.

**Formannskapet - 112/21****F - behandling:****F - vedtak:**

Frå 01.01.2022 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1400 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2100 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 099/21****K - behandling:****K - vedtak:**

Frå 01.01.2022 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1400 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2100 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Mona Vabø		21/513

Saksnr	Utval	Type	Dato
109/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
100/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Betalingsattsar SFO 2022

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. SFO skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna, samt gje borna omsorg og tilsyn.

Skulefritidsordninga ved Fedje skule har ope i skuletida og i skuleferiane, men er stengt tre veker i sommarferien, noko som er vanleg i dei fleste kommunar. Det er ikkje eit lovkrav at SFO skal vera ope i skuleferiane.

SFO har ikkje fast opptak, og føresette kan søkje plass/melde endring av plass gjennom heile året. Ein betalar for tal dagar for veka ein har søkt om ved opptak i 11 månader for året. Det er i tillegg mogeleg å kjøpe plass for einskild dagar, dersom det er plass og det ikkje fører til behov for auka bemanning.

Det vert gjeve søskenmoderasjon på 30% for born nr 2 og 50% for born nr 3. Det vert gjeve moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune, ved rådmannen, kan ilegga gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert lagt til for kvar påbyrja halvtime.

Der er varierende kor mange som nyttar skulefritidsordninga, og kva tilbod som vert valt av dei føresette. I 2020 vart SFO nytta 36 dagar pr. veke, og i 2021 var det tinga 57 dagar pr. veke. Vi ser dermed ein auke i bruk av skulefritidsordninga.

## Vurdering

Den kommunale deflatoren er ein indeks som fangar opp lønns- og prisvekst for kommunesektoren, som for 2022 er anslått til å vera 2,5%. Prisane på SFO vert difor justert opp med 2,5%, og runda av.

Folkehelse

Miljø

Økonomi: Inntekter vil variere etter kor mange son nyttar seg av tilbodet. Lønsutgifter til personalet.

## Konklusjon

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2022 slik:

	2020	2021	2022
1 dag	kr 515,00	kr 530,00	kr 545,00
2 dagar	kr 1 030,00	kr 1 060,00	kr 1 090,00
3 dagar	kr 1 545,00	kr 1 590,00	kr 1 635,00
4 dagar	kr 2 060,00	kr 2 120,00	kr 2 180,00
5 dagar	kr 2 575,00	kr 2 650,00	kr 2 725,00
kjøp ekstra dag	kr 205,00	kr 210,00	kr 215,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve til dei nye satsane.

## Forslag til vedtak:

Nye betalingsatsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2022 slik:

1 dag	kr	545,00
2 dagar	kr	1 090,00
3 dagar	kr	1 635,00
4 dagar	kr	2 180,00
5 dagar	kr	2 725,00

Kjøp av ekstra dag kr 215,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane

### **Formannskapet - 109/21**

#### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Nye betalingssettar for SFO vert med verknad frå 01.01.2022 slik:

1 dag	kr	545,00
2 dagar	kr	1 090,00
3 dagar	kr	1 635,00
4 dagar	kr	2 180,00
5 dagar	kr	2 725,00
Kjøp av ekstra dag	kr	215,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 100/21**

#### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Nye betalingssettar for SFO vert med verknad frå 01.01.2022 slik:

1 dag	kr	545,00
2 dagar	kr	1 090,00

3 dagar kr 1 635,00

4 dagar kr 2 180,00

5 dagar kr 2 725,00

Kjøp av ekstra dag kr 215,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/512

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
101/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Godkjenning av skatteøre og skattesats etter eideomsskattelova for 2022

#### Saksutgreiing:

Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2022.

Skatt i 2022 på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eideomsskattelova): 7 promille

#### Forslag til vedtak:

Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2022.

Skatt i 2022 på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eideomsskattelova): 7 promille

### Formannskapet - 099/21

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2022.

Skatt i 2022 på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eideomsskattelova): 7 promille

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 101/21**

### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2022.

Skatt i 2022 på kraffanlegg, vindkraftverk, kraffnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eigedomsskattelova): 7 promille

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter		21/488

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/21	Arbeidsmiljøutvalet	PS	11.11.2021
008/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021
018/21	Ungdomsrådet	PS	01.11.2021
114/21	Formannskapet	PS	23.11.2021
102/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

### Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Vedlegg:

Samla budsjettdokument 2022

#### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Rådmannen fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2022 og økonomiplan for perioden 2022-2025 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Før tilleggsproposisjon frå Ap/Sp-regjeringa er sendt Stortinget måndag 8/11-21, er veksten for Fedje kommune i frie inntekter under det halve av landsgjennomsnittet. Dette er ein konsekvens av negativ folketalsutvikling. Konsekvensane av dette gjer at rådmannen igjen legg fram eit stramt budsjett som legg opp til ein vidareføring av tenestetilbodet på ca. same nivå som det er i dag.

Særleg ber rådmannen kommunestyret merke seg:

- Tal tilsette ved Fedje barnehage vil vere ca 1,8 årsverk lågare ved inngangen til 2022 enn det var ved inngangen til 2021.
- Me må vurdere ytterlegare reduksjon av tal tilsette neste skuleår, mellom anna ved å sjå på organiseringa av SFO.
- Ny legeteneste vil ha om lag same driftskostnader som ei vidareføring av tidlegare legeteneste ville gitt, men her er det fortsatt noko usikkerheit.

Budsjettet 2022 er oppgjort med eit netto driftsresultat på kr 433 000,-, noko som er langt mindre enn det KS tilrår at kommunane skal ha. Rådmannen meiner likevel dette er forsvarleg, og trur det er grunn til å håpe at dette talet kan forbetra seg noko når tilleggsproposisjon til statsbudsjettet vert fremma og handsama i Stortinget. Premieavvik og innbetalingar til KLP neste år kan også endra seg

noko, og her ventar me på ei ny oversikt frå KLP seinare i år. Utsiktene etter 2022 er også krevjande. Dette gjer at rådmannen i prosessen for budsjettet 2022 har vurdert å foreslå innføring av eigedomsskatt på næring, samt hytter og hus i Fedje kommune. Etter ei totalvurdering vert dette i denne omgang likevel ikkje føreslått. Også andre tiltak som kan auke inntektene er vurdert, men er ikkje inne som ein del av budsjettframlegget.

### **Vurdering**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 er grundig sakshandsama både i utvida leiargruppe, personalleiargruppa og i stabsgruppa. Dei hovudtillitsvalde har også blitt orientert om hovudtala i budsjettet. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen. Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd, og behandla der før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre. Rådmannen meiner på bakgrunn av dette at kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

Folkehelse: Godt ivaretatt

Miljø: Godt ivaretatt

Økonomi: Stramt men forsvarleg

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

### **Ungdomsrådet - 018/21**

#### **U - behandling:**

Felles framlegg:

Ungdomsrådet ønskjer at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben. Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunen sett av midlar til tetting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer seg betre vegar i kommunen. Vedtaksframlegget falt samrøystes.

#### **U - vedtak:**



Ungdomsrådet ønskjer at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben. Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunen sett av midlar til tetting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben.

Samrøystes vedteke.

### **Eldrerådet - 008/21**

#### **ELD - behandling:**

#### **ELD - vedtak:**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke.

### **Arbeidsmiljøutvalet - 010/21**

#### **AMU - behandling:**

Kommentar til budsjett, foreslått av Jan Torry Sande,

AMU ønskjer at det vert byrja ein prosess mot å samle dei tilsette i administrasjonen i første etasje i Gamlebankjen. Årsaka er at inneklimaet i "kommunehuset" er blitt mykje dårlegare dei siste åra. Ei forklaring på at inneklimaet er verre no er hyppige lekkasjeprosblem ved nedbør.

Skulen har teke relativt store budsjettkutt dei siste åra. Det er lagt opp til eit ytterlegare kutt på 500000 kr for 2022. AMU er bekymra for at dette kuttet vil medføre negative konsekvensar for drifta, og arbeidsmiljøet.

#### **AMU - vedtak:**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke med to endringar:

AMU ønskjer at det vert byrja ein prosess mot å samle dei tilsette i administrasjonen i første etasje i Gamlebankjen. Årsaka er at inneklimaet i "kommunehuset" er blitt mykje dårlegare dei siste åra. Ei forklaring på at inneklimaet er verre no er hyppige lekkasjeprosblem ved nedbør.

Skulen har teke relativt store budsjettkutt dei siste åra. Det er lagt opp til eit ytterlegare kutt på 500000 kr for 2022. AMU er bekymra for at dette kuttet vil medføre negative konsekvensar for drifta, og arbeidsmiljøet.

Samrøystes vedteke.

### **Formannskapet - 114/21**

#### **F - behandling:**

Tilleggsframlegg ungdomsklubb og brukarbetaling barnehagen, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Tilleggsforslag til driftsbudsjettet

Drift av ungdomsklubb:

50 000 kr under kultur til drift av ungdomsklubb – vert dekkja inn ved å svekke driftsbudsjettet med tilsvarande 50 000 kr.

Samrøystes vedteke.

Endringsforslag, politisk godtgjering, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet

Ny endring av møtehonorar og møtegodtgjersle for formannskap og kommunestyre.

Kommunestyret kr 5000.- fast honorar for representantane pr år.

Formannskapet kr 15000.- fast honorar for representantane pr år.

Møtegodtgjersle for kommunestyre og formannskap vert endra fra kr 500.- til kr 1000.- pr møte.

Innsparing ca kr 25 000.-

Samrøystes vedteke.

Endringsforslag. Pendlartilskot, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet

Endring av pendartilskot, ned 30% i forhold til dagens satsar frå 01.01.22

Innsparing: Ca kr 45 000.-

Votering: 2 mot 2 røyster. Stian Herøy (H) og Einar Villanger (Ap) røysta mot framlegget. Ordførar Stian Herøy (H) si dobbeltrøyst avgjorde at forslaget falt.

Forslag marknadsføringsgruppa., foreslått av Stian Herøy, Høgre

Marknadsføringsgruppa har vore viktig, og me ønskjer å vidareføre denne med kr 25 000. Dette vert finansiert ved redusert overføring til investering.

Samrøystes vedteke.

Endringsframlegg helsetun, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet

Tilleggsforslag under helse og oppvekst: Til nytt Fedje Helsetun med 500 000 kr til planarbeid, oppmåling av tomt m.m i 2022. Inndekning - overføring frå fond.

Samrøystes vedteke.

Endringsframlegg helsetun, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet  
Eventuelt sal av BKK-aksjar. Heile overskotet blir sett av til nytt helsetun.

Samrøystes vedteke.

Endringsframlegg betaling barnehage, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Forlag 2: Brukarbetaling i barnehagen:  
For Fedje barnehage vert betalingsattsane for dei ulike opphalddidene i barnehagen frå 01.01.2022 slik:

Tilbod	Ant. dagar	Ant. timar	Opphald	Mat	Totalt
100 %	5	50 t/veka	2500,-	336,-	2836,-
80 %	4	40 t/veka	2000,-	289,-	2289,-
60 %	3	30 t/veka	1500,-	265,-	1765,-
40 %	2	20 t/veka	1000,-	230,-	1230,-

\*Det er 30 % søskenmoderasjon for to barn.

\*Det vert gitt 30 % moderasjon for einslege forsørgjarar.

\*Gebyr for sein henting vert 100,- jmf. vedtektene i Fedje barnehage.

\*Kjøp av ekstra dag 400,-.

10% av desse midlane til å styrke marknadsføringsgruppa økonomisk. Dei resterandre pengane vil gå til å styrke grunnbemanninga i barnehagen.

Framlegget falt mot 1 røyst. Einar Villanger røysta for framlegget.

Bjørn Solbakk viste til feil i budsjettframlegget s.17: Det vart betalt ut møtegodtgjersler til politikarane i 2021, det var faste godtgjersler som ikkje vart betalt ut i 2021.

Det vart røysta fortløpande over endringsframlegga. Til slutt vart det røysta over samla vedtak om budsjett og økonomiplan.

#### **F - vedtak:**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endringar:

Drift av ungdomsklubb: 50 000 kr under kultur til drift av ungdomsklubb – vert dekkja inn ved å svekke driftsbudsjettet med tilsvarande 50 000 kr.

Ny endring av møtehonorar og møtegodtgjersle for formannskap og kommunestyre.

Kommunestyret kr 5000.- fast honorar for representantane pr år.

Formannskapet kr 15000.- fast honorar for representantane pr år.

Møtegodtgjersle for kommunestyre og formannskap vert endra fra kr 500.- til kr 1000.- pr møte.

Innsparing ca kr 25 000.-

Marknadsføringsgruppa har vore viktig, og me ønskjer å vidareføre denne med kr 25 000. Dette vert finansiert ved redusert overføring til investering.

Tilleggsforslag under helse og oppvekst: Til nytt Fedje Helsetun med 500 000 kr til planarbeid, oppmåling av tomt m.m i 2022. Inndekning - overføring frå fond.

Eventuelt sal av BKK-aksjar. Heile overskotet blir sett av til nytt helsetun.

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret - 102/21**

#### **K - behandling:**

Tilsetjing av ny rådmann, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Kommunestyret løyver 100 000 kroner til dette arbeidet. Desse midlane vert finansierte ved redusert mindreforbruk.

Samrøystes vedteke.

Liv og lyst, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Liv og lyst har vorte eit viktig tilskott til Fedje samfunnet. Dette arbeidet vert støtta med 30 000 kroner og vert finansierte ved tilsvarande redusert mindreforbruk.

Samrøystes vedteke.

Dugnadsfond, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

Dugnadsfondet har vore ein suksess. Dei gode tiltaka dette har tilført Fedje samfunnet vil me fortsetja med. Fedje Høgre og Fedje Frp foreslår derfor å sette av 25 000 kr til dette arbeidet. Desse midlane vert finansierte ved redusert mindreforbruk.

Samrøystes vedteke.

Tilskudd, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

Me må gjere meir for å få opp antallet barn på Fedje ellers vil barn få alvorlege konsekvensar allerede på kort sikt for barnehagen og skulen. Kommunestyret foreslår derfor å etablere eit tilskott på kr 25 000 per born til nybakte småbarnsforeldre til barn i alderen 0 til 6 år, som er registrerte- og bur på Fedje. Me set i første omgang av 50.000 kr til dette. Desse midlane vert finansierte ved redusert mindreforbruk.

Samrøystes vedteke.

Endringsforslag. skulen, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet

Tilføra kr 300 000.- til skulen. Desse midlane vert finansierte ved redusert mindreforbruk i budsjett. Dette for å kunna holdast på den gode fagkompetansen me har idag.

Forslaget vart endra til eit fellesforslag . Der ein tilfører skulen 400 000,- kr. Sjå eige forslag.

Samrøystes vedteke.

Fedje skule, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Ut frå tilleggsproposisjonen frå Regjeringa vil Fedje kommune få ei auke på overføringar på 684 000kr. Av desse vil me styrke Fedje skule med 500 000 kr i budsjettet for 2022.

Forslaget vart endra til eit fellesforslag . Der ein tilfører skulen 400 000,- kr. Sjå eige vedtak. Samrøystes vedteke.

Bkk aksjer, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet

Eit eventuelt salg av Bkk aksjer skal være med på å realisere helsehuset.

Samrøystes vedteke.

3 mnd gratis kommunal bolig for tilflyttere, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

Me treng at fleire småbarnsfamilier velger å flytte til Fedje. Derfor foreslår Fedje Høgre og Fedje Frp at me tilbyr barnefamiliar som flyttar til Fedje 3 månadar gratis husleige i kommunal bustad så langt me har ledig bustad og kommune sine behov er dekkja.

Samrøystes vedteke.

Endringsforslag. Pendlartilskudd, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet

Endring av pendartilskudd, ned 30% i forhold til dagens satser fra 01.01.22

Vedteke 9 mot 6 røyster.

Kamilla B Karlsen (Ap) Hans Erik Waage (Ap) Einar Villanger (Ap) Anna Marit Storemark (Ap) Kristin Aase (Ap) røysta imot forslaget.

Helsetun Økonomiplan, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Forslag kommer i økonomiplan under Teknisk etat

Fedje kommune skal starte arbeidet med nytt helsetun på Svena jmf. Kommuneplanen.

Mål for 2022

- Klargjere kjøp av tomt på Svena
- Vere i kontakt med arkitektfirma og starte prosessen med å teikne opp det nye helsetunet.
- Aktivt søke finansieringsmidlar

Mål 2022-2025

- Kjøp av tomt
- Ferdige teikningar

- Starte byggjeprosessen

Forslaget fall med 8 mot 7 røyster.

Kamilla B Karlsen (Ap) Hans Erik Waage (Ap) Einar Villanger (Ap) Anna Marit Storemark (Ap) Kristin Aase (Ap) Rune Borgerød (Ap) Marit Solbakk Øien (Frp) røsyta for forslaget.

Tilleggsforslag til fødselstilskudd, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet  
Ein er forplikta til å bli buande på Fedje eit år etter å ha mottatt fødselstilskudd.

Forslagsstiller trekte forslaget i møte.

Tilleggsforslag til 3 mnd gratis kommunal bolig for tilflyttere, foreslått av Hans Erik Waage, Arbeiderpartiet  
3 mnd gratis kommunal bustad vil også gjelde for personar som søker arbeid og flyttar til Fedje Kommune på generell basis.  
Dette vil komme kommunen til gode når dei skal lyse ut ledige stillingar i kommunen og kan nytte dette tilbudet i utlysningar.

Samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet  
Partssammensatt utvalg får og møtegodtgjørsel på kr 500,-

Forslagsstiller trekte forslaget i møte.

Fedje skule, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Ut frå tilleggsproposisjonen frå Regjeringa vil Fedje kommune få ei auke på overføringar på 684 000kr. Av desse vil me styrke Fedje skule med 400 000kr i budsjettet for 2022.

Samrøystes vedteke.

Endringsforslag nytt helsetun, foreslått av Paul Magnar Knapskog, Høgre  
Fedje kommune skal starte arbeidet med nytt helsetun.

Mål for 2022

- Klargjere kjøp av tomt
- Vere i kontakt med arkitektfirma og starte prosessen med å teikne opp det nye helsetunet.
- Aktivt søke finansieringsmidlar

Mål 2022-2025

- Kjøp av tomt
- Ferdige teikningar
- Starte byggjeprosessen

Vedteke 8 mot 7 røyster.

Kamilla B Karlsen (Ap) Hans Erik Waage (Ap) Einar Villanger (Ap) Anna Marit Storemark (Ap) Kristin Aase (Ap) Rune Borgerød (Ap) Marit Solbakk Øien (Frp) røysta for alternativt forslag fremsett av Kamilla B Karlsen (Ap)

Det vart røysta fortløpande over endringsframlegga. Sjå røysteresultat på kvart endringsforslag. Til slutt vart det røysta over samla vedtak om budsjett og økonomiplan.

### **K - vedtak:**

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endringar:

Drift av ungdomsklubb: 50 000 kr under kultur til drift av ungdomsklubb – vert dekkja inn ved å svekke driftsbudsjettet med tilsvarende 50 000 kr.

Ny endring av møtehonorar og møtegodtgjersle for formannskap og kommunestyre.

Kommunestyret kr 5000.- fast honorar for representantane pr år.

Formannskapet kr 15000.- fast honorar for representantane pr år.

Møtegodtgjersle for kommunestyre og formannskap vert endra fra kr 500.- til kr 1000.- pr møte.

Innsparing ca kr 25 000.-

Marknadsføringsgruppa vert vidareføre denne med kr 25 000. Dette vert finansiert ved redusert overføring til investering.

Tilleggsforslag under helse og oppvekst: Til nytt Fedje Helsetun med 500 000 kr til planarbeid, oppmåling av tomt m.m i 2022. Inndekning - overføring frå fond.

Tilsetjing av ny rådmann, kommunestyret løyver 100 000 kroner til dette arbeidet. Desse midlane vert finansiert ved redusert mindreforbruk.

Arbeidet til Liv og lyst vert støtta med 30 000 kroner og vert finansiert ved tilsvarende redusert mindreforbruk.

Dugnadsfondet vert tilført 25 000,- kr.

Kommunestyret etablerer eit tilskot på kr 25 000 per born til nybakte småbarnsforeldre til barn i alderen 0 til 6 år, som er registrert- og bur på Fedje. 50.000 kr vert sett av til dette for 2022. Desse midlane vert finansiert ved redusert mindreforbruk.

Skulen vert tilført 400 000,- kr.

Middlane vert finansiert av pengar som kjem i tilleggsproposisjonen frå Regjeringa.

Eit eventuelt salg av Bkk aksjer skal være med på å realisere helsehuset.

Fedje kommune tilbyr barnefamiljar som flyttar til Fedje 3 månadar gratis husleige i kommunal bustad så langt me har ledig bustad og kommune sine behov er dekkja. 3 mnd gratis kommunal bustad vil også gjelde for personar som søkjer arbeid og flyttar til Fedje Kommune på generell basis. Fedje kommunen og kan nytte dette tilbudet i utlysningar.

Endring av pendlartilskudd, ned 30% i forhold til dagens satser fra 01.01.22

Fedje kommune skal starte arbeidet med nytt helsetun.

Mål for 2022

- Klargjere kjøp av tomt
- Vere i kontakt med arkitektfirma og starte prosessen med å teikne opp det nye helsetunet.
- Aktivt søke finansieringsmidlar

Mål 2022-2025

- Kjøp av tomt
- Ferdige teikningar
- Starte byggjeprosessen

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	21/504

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
103/21	Kommunestyret	PS	09.12.2021

**Eventuelt**

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

### **Kommunestyret - 103/21**

**K - behandling:**

Bjørn Solbakk (Frp) i formannskapsmøte 25.11.21 spurte kva som er planen med skraping av grøftekantane på Fedje. Ordførar kunne ikkje svare på ståande fot, men mogleg med svar i kommunestyret.

Ordførar svarte i kommunestyremøtet, svaret er nei.

**K - vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.